



Morgon og kveld må gutane samla inn 40 kyr til melking

Vi har tidlegare skrivne om ungdommane Jone Rørheim Kjærland(17) og Sindre Aksnes(18) som har sommarjobb på ein støl i Raundal ved Palmafossen ovanfor Voss, der dei har ansvar for 40 mjølkekyr. No er dei to over halvferdige, og dei stortrivest med livet ute i naturen.

Sist helg hadde dei besøk av far Svein Ottar og mor Anne Kari Rørheim og dei møtte to gutar som var svært så tilfreds med dei første 4 vekene av livet og jobben 'langt frå folk'.

Det er ikkje noko latmannsliv dei lever. Då hadde nok ikkje desse to karane halde ut!! Arbeidsdagen startar klokka kvart over fem. Kvar morgon. Då er det først innsamling av kyrne, - 40 i talet. Dei er spreidd over eit stort beiteområde på heile 200 mål. Sjølve melkinga føregår i ein melkestall, og den tar 2 timar. Når melkinga er unnagjort og kyrne er sendt ut på beite att, er det klart for frukost nr. 2.



Stølen ligg vakkert til, og kyrne beitar over eit stort område

Etter at frukosten er fortært, tar dei med seg garn og gummibåt og spring til fjells. Fisken dei får sikrar middagen, og det kjem godt med, for dei har møtt nokre ekstra utfordringar; - særleg når det gjeld maten. ATV'en dei skulle bruka når dei skulle ned til bygda og handle, streika nemleg. Den måtte på verkstad, og dermed vart dei utan transport i 3 veker. Med 2 mil frå setera og ned til Voss har løysninga blitt at dei i hovudsak har levd på havregraut og fisk i tre veker. Dette syns dei to er heilt greitt! Då får dei oppleve litt av korleis det var før i tida då dei måtte nøye seg med å leve av det som var tilgjengeleg. Snakk om tøffe karar!!

Andre utfordringar har dei og hatt. Ved småskader har dei fått hjelp av ein bonde som kjørte dei til legevakta.



Dei to drengene ved melkeanlegget

Gutane har ikkje angra eit sekund på at dei tok seterjobben. Denne sommaren har gjeve dei minnerike opplevingar, og dei har fått erfaringar i å klare seg sjølv både på setera og i naturen. Slike utfordringar veks ein på, og slike utfordringar likar Jone og Sindre.

No skal dei vere på stølen fram til 5. august. Då får dei 14 dagar ferie fram til skulen startar. Verønskjett er regn og godt fiskever. Då håpar nemleg dei to storfiskarane at fangsttala i Uskedalselva skal auka monaleg!!

Om nokon trur trommis Sindre klarar seg utan slagverk, så har han løyst det og. Med minimalt, men nødvendig utstyr vert det tromming kvar dag. Til glede for Sindre, men kanskje ikkje like populært for Jone??

Om 2 veker kan dei to gutane sjå tilbake på 6 veker sommarentyr på setera i Raundal.



Sindre og Jone har god kontroll på kyrne

Foto: Svein Ottar Rørheim
Tekst: Thor Inge Døssland